



SPIRA

Nytt frå Stord og Nysæter kyrkjelydar

Utgåve 3 2020



Om bladet

Ansvarleg utgjevar:

Stord sokneråd og
Nysæter sokneråd

Adresse: Hamnegata 48,
5411 Stord
Telefon: 53 40 34 30

E-post: post@kyrkja-stord.no

Web: www.kyrkjastord.no

Facebook: @kyrkjaistord

Kontonr: 3201.23.04578

Vipps: Stord #124653

Gåver til kyrkjebladet merkast
"SPIRA"

Design: Preg Design AS

Forsidefoto: Olav Oma, Stuastølen
Gardsbarnehage

Trykk: SKAG Design og trykkeri

Opplag: 7500 /utgåve 3/ årgang 2

Papir: Miljøvennleg Paperwise



Redaksjon:

Olav Oma (redaktør)

Elisabeth Fauskanger

Anders Grov Nilsen

Svein Olav Langåker

Barbro Høyland Andersen

Hildegunn Heimro

Dag Kjetil Lægred



Ein lang «streak»



Det var ein ung gut som sa det: «Eg har brote streaken»: Ei samanhengande kjede av meldingar på mobilen, ein «streak».

Poenget med meldingane var berre å halda det gåande, at ingen skulle øydelegga den lange kjeda av meldingar. Men no var han lei og syntest det var godt å vera ferdig, etter meir enn 8 månader og rundt 250 dagar med meir og mindre viktige bilete eller ord.

Jula er ein del av ein mykje lengre og langt viktigare «streak». Kvar dag i meir enn 2000 år har Gud sendt meldinga om «ei glede for heile folket». Han har aldri gått lei.

I denne utgåva av Spira møter du helsinga på ulike måtar.

Gud ynskjer at du skal ana kor verdifull du er, og at din og min respons på det er å elska han tilbake, og å elska kvarandre og jorda han har gjeve oss.

Advents- og juletida melder framleis: «... alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born...»

Olav Oma, sokneprest

NB! Viktig om påmelding til gudstenester i jula

Det vert opna for påmelding til gudstenestene på julaftan og juledag måndag 21.desember kl. 12.00.

I kyrkjene kan me berre ta imot 50 personar, så her gjeld det å vera klar dersom du ønsker å vera der. Det blir for øvrig mogleg for alle som vil å vera med på gudstenesene digitalt. Sjå meir om det på side 3.

- Påmelding Nysæter kyrkje: SMS til 992 70 811.
- Påmelding Stord kyrkje: SMS til 473 50 754.
- Påmelding Huglo bedehusapell: SMS til 467 82 767.

Opplys om namn på alle du vil melde på, samt ønske om kyrkje, dag og klokkeslett.

FÅ MED DEG INNSLAG FRÅ
KYRKJA I ADVENT OG JUL:



Kyrkja i Stord og
Nysæter

**Følg oss på
Facebook!**

Vil du få med deg innhald frå kyrkjene våre på facebook?

- opne Facebook og søk på @kyrkjaistord
- trykk på knappane LIK og FØLG øvst i profilen vår

Eller følg med på den nye heimesida vår kyrkjastord.no
Der legg me også ut digitalt innhald, som t.d ord for veka, gudstenester og musikalske innslag.

Advent og jul i kyrkjene

Vanlegvis fyllest kyrkjene veke etter veke i heile desember. I år er ikkje det mogleg på same måten, og me veit alle kvifor. Likevel ønsker kyrkja meir enn nokon gong å bidra til høgtid og juleglede for store og små her på Stord. Nedanfor kan de lesa meir om korleis det vil gå føre seg. Det blir annleis. Men fint! Me gler oss, og det håpar me du og dine også vil gjera!



Minne-gudstenester

Det er ein fin og god tradisjon med gudstenester i jula for å minnast dei som har gått bort.

Brev med invitasjon til minnegudsteneste blir sendt til dei som har mist nokon av sine kjære det siste året.

Det blir minnegudstenester for begge sokn i Stord kyrkje søndag 27.12 (3. juledag) kl. 11.00 og 13.00.

Påmelding: SMS til 481 14 681.

Musikk i advent

Når me ikkje kan invitera til julekonsertar med kor, korps, musikk og solistar, ja då må musikken koma til folket på annan måte.

I år gjer kantorane i samarbeid med Magne Langåker opptak av variert og vakker musikk for advent og jul, nydeleg framført av ulike lokale song- og musikkkrefter.

Me publiserer opptaka på kyrkja si facebookside og nettside i adventstida. Følg med, for her er mykje fint å få med seg (sjå meir info på s 2)!

Gudstenester i julehelga

I julehelga ønsker me velkommen til flotte gudstenester, med vakre tonar, gode ord, tindrande lys, høgtid og julestemning.

Me kan berre ta imot 50 personar til kvar gudsteneste, men set samstundes opp direktesendingar frå ei av gudstenestene både julaftan og juledag, slik at alle som vil kan bli med heimanfrå. Me håpar at dette blir gode fellesopplevingar for folk her på Stord i denne tida. Me gler oss!

De vil finna sendingane på kyrkja si heimeside og på Facebooksida vår.

Gudstenester julaftan:

- Nysæter og Stord kyrkjer: kl. 13.30, 14.45 og 16.00.
- Huglo: kl. 12.45 og 13.45.

Gudstenester 1. juledag:

- Nysæter kyrkje: kl. 12.00
- Stord kyrkje: kl. 11.00 og 13.00

VIKTIG: For deg som gjerne vil vera i kyrkja, sjå meir info om påmelding på side 2.

Direktesendte gudstenester:

- Stord kyrkje 24.12 kl 16:00
- Nysæter kyrkje 25.12 kl 12:00



Frå Facebook: Linnea Tveit Vikanes syng 1. søndag i advent

Mitt juleminne



Jula handlar for veldig mange om tradisjonar som er blitt til over tid, og som kan variera frå familie til familie. Kva hugsar du frå julefeiringane dine? Kva er det som har gjort inntrykk og skapt gode, varige juleminne? Me har spurt eit knippe kjekke stordabuar om akkurat det. Her kan du lesa det dei har delt med oss.



Eg vaks opp på ein gard på Røssland saman med mor, far og to yngre brør. På garden hadde vi sju kyr, gris, høner og hest. Dyra våre fekk

alltid godt stell og særleg på julafta. Julekveldane i huset vårt står for meg som lysande og gode minne. Julafta begynte med at mormor og morfar kom ned «Krokolabrekko» i tretida om ettermiddagen. Mormor hadde pels og pelslue og morfar hadde sid svart frakk og hatt. Dei var byfolk. Vi rekna dei som dei snillaste besteforeldra i verda. Dei drog på ein svær koffert som var full av presangar. Vi vart yre av glede ved synet av dei, og ville helst opna pakkane med ein gong.

Men nei, først måtte kyrne mjølkast og dyra matast. Julafta gjekk far min i «fjosen» kl 15.00. Det var to timar tidlegare enn vanleg, men

eg trur dyra berre vart glade for det. Dei fekk ekstra mykje mat den kvelden.

Vel inne att, begynte julekvelden for oss. Juleevangeliet, måltid, presangar, og gang rundt juletreet.

Ein julekveld vart dette ritualet brot. Onkel min kom på besøk medan vi åt middag. Han ville halda tale. Denne kvelden talte han om fred på jorda. Det var fint å høyra på. Talen slutta slik: «Til og med kråka har fred på jorda i kveld» Vi ungane snakka mykje om den slutten i etterkant. Vi syntest orda var så fine.

Sigrid Røsseland,
Pensjonert rektor



Turar i skog og mark der vakre nåletré blir kåra og tiltenkt som juletré gjer sitt til at julehøgtida lever «i ånda» heile året i Lundstreheimen! Før storfamilie nær og fjern samlast til julehøgtid i hytter og hus, har kvar og ein fått tilbod om å henta seg eit gran- eller furutre og pyntegrønt til heimen.

Julafta er fyllt med sosialt samvær rundt eit bugnande matbord, lesing av juleevangeliet, song, musikk og

utveksling av kjære juleminner frå ei svunnen tid! Tomme plassar rundt bordet kallar fram lengsel, undring, glede, sorg og sakn. Då er det godt og bekvemt med kontakt på nett til utveksling av juletradisjonar, helsingar og gode minne nær og fjern.

Åsa Rygg
Pensjonert lærar





Jula 1999 kom eg heim frå Oslo etter 300 faste arbeidstimar i månaden samt 14 ufrivillige kg lettare, mitt første år som lærling på Hotel Continental.

Eg kom heim litle julafta til eit julepynta hus og dei beste klemmane frå mamma og pappa. Masse tid til familie og venner, gode samtaler over lange måltid med heimelaga julemat. Å endeleg finne roen, å ha tid til dei nære ting. Det skal ikkje meir til, mitt beste juleminne.

Eirik Strøm Lillebø
Restauratør Vaaghals



Eg har vakse opp med med sju eldre søsken. Mange av dei hadde flytta heimefrå då eg vart fødd, så eit av dei store høgdepunkta då eg var liten var då storesøskena mine kom heim til jul. Pakkane var kanskje ikkje av dei dyraste. Nokre gonger var det kjedeleg, men i ettertid hugser eg ikkje kva gåver eg var missfornøgd med. Minna som sit igjen frå julefeiringa då eg vaks opp er fullt hus, brettspel, mykje latter og god mat.

Silje Helen Fyllingen,
Dagleg leiar SunnBok



Jul er for meg tradisjonar. Det er forventning, lukter, stemning og samhald. Det er vanskeleg å trekke fram eit minne som skin over alle andre. Dette fordi alle epokar i livet har brakt med seg sine gode og særeigne minne. Men skal eg trekke fram noko, må det bli gleda av at mine bestemødre kom til oss annakvart år. Gjorde jula spesiell og fekk den til å skinne litt ekstra. Og det er noko å ta med nettopp i år, når vi må ta spesielle omsyn med kven me kan møta og reiser me skal foreta. Heldigvis er det slik at det går mot lysare tider!

Liv Kari Eskeland
Stortingsrepresentant



Då eg vaks opp på 70-talet var det stas å gå i kyrkja med far og bestefar på julekvelden. Kyrkja var så fint pynta, og det var mykje folk!

Då me kom heim, lukta det god julemiddag i huset. Mor laga til pinnekjøtt, som morfar på Bjelland hadde salta og røykt tidlegare på hausten. Før middag og opning av pakkar, måtte far gå i floren, kyrne skulle mjølkast sjølv om det var jul. Det var nok dei to lengste timane i året!

Elles hadde me mykje å gle oss til i romjula også. Det kjekkaste av alt var juletreffesten til Bjelland søndagsskule. Det kunne vera oppimot 100 born på søndagsskulen, så juletreffesten var alltid i velferdsbygget til Stord Verft. Denne festen er eit godt minne som eg veit mange andre også har.

Olav Høyland
Juletreseljar på Høyland gard

Omsorgsarbeidar i kyrkja

13. desember, i gudstenesta 3. søndag i advent, blir vår nye soknediakon, Olaug Irene Gloppen innsett til teneste i Stord- og Nysæter sokn. Me er glade for at ho er på plass for å leia omsorgsarbeidet til kyrkja, og her får vi bli litt kjent med henne.

Kva gjer ein diakon?

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Det er evangeliet i handling, og det kjem til uttrykk gjennom nestekjærleik, gode opne felleskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd. Ordet diakoni kjem av det greske ordet "diakonos", som tyder tenar. Bibelen fortel at dei første diakonane tok seg av hjelpearbeidet til fattige, til enker og dei dreiv sjelesorg. I Bibelen kan me og lesa og forstå at omsorg og nestekjærleik er ei grunnleggande frukt av eit liv etter Guds vilje.

I dag er dei synlege diakonale oppgåvene som ofte vert priori-

tert: besøkstenesta både i heimen og på institusjonane, eldretreff, sorgarbeid, tiltak for innvandrarar, samtale og sjelesorg, også for barn og unge.

Kva er det du likar med det å vera diakon?

Utfrå at diakoni er kyrkja si omsorgsteneste, meiner eg det er viktig at me møter kvarandre med ei grunnhaldning at alle er like verdfulle uavhengig av alder, kulturell bakgrunn, kjønn, sosial status med meir. Gud har skapt alle til eit liv i hans plan. Han vil at alle skal oppleva seg sett og elska, av Gud og menneske. I dette har diakonien ein kjerneplass, gjennom ord og handling visa menneske Guds kjærleik. Det gjer kyrkja levande.

Korleis tenkjer du at kyrkja kan bety noko for menneske?

I kyrkja er me gode på å organisera møtestader og større arrangement. Men i tillegg trur eg, at me må vera gode i dei daglege møta, på jobb, i familie og nærmiljø. At me som kyrkje, og menneske kan vera lys og salt i kvardagen. At me kan vera Guds utstrekke hand, vera hans auge, hans øyre og munn, då blir det levande diakoni. Det er noko med den "pusten" me tek med i møte med kvaran-

dre, uansett kva tilhøve vi møter kvarandre i.

Kva er det viktigaste du tek med deg frå jobben din som sjukepleiar på Fitjar?

Det må vera erfaringane eg har frå møte med menneske i vanskelege livsfasar, når sjukdom kjem og livet endrar seg er viktige og i arbeidet som diakon.

Har du nokre planar, idear eller ynskje som du vil dela med oss?

Eg ser fram til å bli kjent med nye menneske på Stord. Eg skal samarbeide med diakoniarbeidar, diakoniutval og andre, det blir kjekt og viktig. Så er der mykje arbeid som ventar, og ei viktig sanning er: ein kan ikkje gjera alt, men alle kan gjera noko.

Eg ønsker å vera ein inspirator i diakonien. Å rekruttera og utrusta frivillege besøkarar trur eg kan vera ei viktig oppgåve. Eg ønsker at kyrkja er ein stad der menneske, uavhengig av alder og livsfasar kjenner seg velsigna og ivaretekne.

Kva kan barn og unge på Stord sjå fram til i kyrkja i tida framover?

På Stord er det mykje som skjer

LITT OM MEG SJØLV:

- Namn: Olaug Irene Gloppen
- Alder: 57 i desember
- Frå: Oppvaksen på Heimdal like utanfor Trondheim
- Bur: Osternes i Fitjar
- Yrkeserfaring: sjukepleiar, diakon, organist (sporadisk)



i kyrkja for desse. Dei treng å bli sett som Guds barn. Det er kyrkja si store oppgåve også idag. Barna og dei unge spreier glede og håp, men treng også "næring" for å leva best mogleg. Det vil eg gjerne vera med på å gi.

Korleis tenkjer du vi kan skapa gode juleminne denne jula?

Denne jula blir annleis. Kanskje me kan gi kvarandre ekstra merksemd? Bruka god tid med dei me får vera nær. Ringa og snakka med dei me ikkje får besøka. Synge saman. Der er så mange fine julesongar. Ta imot julefreden.

Har diakonien ei særleg oppgåve i juletida?

Diakoni handlar om å hjelpa, gi støtte og visa omsorg. Kyrkja må vera tilgjengeleg. No, med covid 19, er det ikkje berre å gå på besøk, men folk kan ta kontakt med oss, og me er tilgjengelege. No er det tid for å vera kreativ med tanke på korleis me kan visa kvarandre omsorg.

Me gler oss til å bli kjent med Olaug, og ynskjer Guds signing over tida som kjem.

”

No er det tid for å vera kreativ med tanke på korleis me kan visa kvarandre omsorg.

Olaug Irene Gloppen,
soknediakon

Tilstades for kvarandre i førjulstida

Førjulstida kan vera ei hektisk og stressfull tid for både store og små, med avslutningar, ulike arrangement som skal få oss i stemning, gåveinnkjøp, baking og pynting. I jaget etter å koma i mål er det lett å gløyma det viktigaste: Å vera til stades for borna og for kvarandre. Me har snakka med Mette Iren Solemdal, avdelingsleiar i Nordbygdo Fus barnehage, avdeling Prestagarsdkogen, for å høyra korleis dei markerer førjulstida. Her kan vera nokre enkle, gode tips å ta med seg til ei roleg og fin førjultid!

Tradisjonar å gle seg til

Ho fortel at dei i barnehagen har tradisjonar som borna gler seg til kvart år. Dei støyper eigne lys, bakar forskjellig bakst som dei deler med kvarandre og dei har fine turar i skog og mark for å sjå etter småfuglar og spor frå dyr.

Å ta vare på natur og miljø

Barnehagen Mette arbeider i er ein friluftsbarnehage der borna ferdast mykje ute og lærer å ta vare på natur og miljø. I jula lagar borna fuglemat for å hjelpe fuglane med mat når kulda og vinteren kjem.

Stemning med lys og bål

Å skapa stemning med lys er ein fin ting å gjera i den mørke førjulstida. I barnehagen kan dei ha frukost ute rundt bålpanna. Der får borna høyra både juleforteljingar og forteljingar frå andre verdshjørne. Det er fint å sitja tett saman og kosa seg med frukost i lyset frå bålet.

Respekt og nestekjærleik

I barnehagen er det born frå ulike nasjonar, religionar og livssyn. Respekt, nestekjærleik og å vera medmenneske er også viktig i førjulstida. Det gir oss rom til

å lære oss om kvarandre og vårt mangfaldige samfunn. Ettersom barnehagen òg har ansvar for å formidla kristen kulturarv, får borna kjennskap til juleevangeliet og julesongar.

Gleda ved å gi

Å lære seg å dela er eit viktig fokus når dei bakar, og gleda ved å gje vert formidla når lysa dei har laga ofte vert til koselege gåver til heimen. Samstundes understrekar ho at det ikkje er fokus på å masseprodusere gåver i barnehagen.

Lubber og bøker

Når me er inne på temaet gåver, må me likevel spørja om ho har nokre tips til julegåver. Mange kjenner Mette frå den lokale julemusikalen «Lubbenissane», og på spørsmålet om julegåvetips, svarar ho kontant:

– Lubber! Gode lubber er nyttig både heime og i barnehagen, og for store og små. Me blir aldri lei av å vera varm på beina!

Og om ho skal koma med eit anna tips, så vil ho seia bøker.

– Bøker er godt for alt: Språk, ordforråd, stress, kunnskap, fantasi, forstå seg sjølv og andre og ikkje minst for humøret, smiler ho.



Mette Iren Solemdal, avdelingsleiar i Nordbygdo Fus barnehage, avdeling Prestagarsdkogen



BARNAS SIDE

Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gøymt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

Finn fem feil

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Fargelegg!

Vismennene knelte for Jesus, og ga han gull, røykelse og myrra. (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.



«Det begynner her i toppen»

Det er hausten 2020. Kyrkjelydspedagog Elisabeth og eit, to og treåringane som er på songstund i kyrkja står i god korona-avstand til kvarandre og syng «det begynner her i toppen, her i toppen, så går det gjennom heile kroppen ned i mine tær...» Gleda lyser frå barneaugo, det er kjekt å vera saman i song og leik.

Kyrkja på Stord har som mål å ha livet i fokus. Kyrkja skal vera ein heim for alle på Stord, nær Gud og nær menneska som bur her. Difor ynskjer me kvar veke velkomen til mange ulike møtepunkt. Møtepunkt for ulike aldrar, møtepunkt med ulikt program, møtepunkt med ord og musikk og møtepunkt om liv og tru.

For at du som bur på Stord skal få vita litt om desse møtepunktka starta me i 2019 kyrkjebladet Spira. Det er eit blad me er stolte av, både fordi det ser fint ut, men ikkje minst fordi det fortel historier om menneske som bur på Stord og om møtepunkt med kyrkja i liv og tru.

Det er mykje som «begynner i toppen». Tankane våre gjer det og viljen vår gjer det.

No treng Spira medhjelparar som vil vera med og støtta bladet økonomisk. Takk for bidrag som kan gjera det mogleg for kyrkja å vera nær menneska... til dømes så nær som du er akkurat nå når du held denne utgåva av Spira i hendene dine.

Mvh
Redaksjonen i Spira

Om du gir 50, 250 eller anna - kvar einaste gåve blir motteken med takk. Bruk giroen under i nettbanken din og merk med: SPIRA i KID/ meldingsfeltet. Eller vipps ei gåve direkte på nummeret 124 653 Stord sokn, merk SPIRA.

***Tusen takk**
for gåva du vil gje!*

”

”Til lukke med
nytt blad! Fint
design og fin
logo! Og, det er
ikkje nok ”pirk”
til at dei bør
nemnast. Men,
eg har lese alt!”

Tilbakemelding frå
ein SPIRA-lesar

”

”Fint design!”

Tilbakemelding frå
ein SPIRA-lesar

Du kan
gi ei gåve med
v:pps

124 653
Stord sokn

Du kan
gi ei gåve med
v:pps

124 653
Stord sokn

124 653
Stord sokn

Gi ei gåve med Vipps i dag,
slik at me kan halda fram med å
levera SPIRA i 2021!



Kvittering

Innbetalt til konto

Betalar sitt kontonummer

Betrag

Kvittering

Innbetalt til konto

Betalar sitt kontonummer

Betalested

Kvittering

Innbetalt til konto

Betalar sitt kontonummer

Betrag

Kvittering

Innbetalt til konto

Betalar sitt kontonummer

Betrag

Betalingsinformasjon	
Betalt av	
Betalt til	SPIRA v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd Hamnegata 48 5411 Stord
Denne blanketten kan ikkje nyttast som brevgiro	

Betalingsinformasjon											
Betalt av											
Betalt til											
Denne blanketten kan ikke nyttast som brevgiro											
SPIRA v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd Hamnegata 48 5411 Stord											

[illegible][illegible][illegible][illegible]

Betalingsinformasjon											
Betalt av											
Betalt til											
Denne blanketten kan ikke nyttast som brevgiro											
SPIRA v/ Stord sokneråd og Nysæter sokneråd Hamnegata 48 5411 Stord											

KID/Melding
Støttegave til SPIRA

Kroner	Øre
Til konto	3201 23 04578

KID/Melding
Støttegave til SPIRA

Kroner	Øre
Til konto	3201 23 04578

KID/Melding
Støttegave til SPIRA

Kroner	Øre
Til konto	3201 23 04578

KID/Melding
Støttegave til SPIRA

Kroner	Øre
Til konto	3201 23 04578

KID/Melding
Støttegave til SPIRA

Kroner	Øre
Til konto	3201 23 04578

KID/Melding
Støttegave til SPIRA

Kroner	Øre
Til konto	3201 23 04578

Jula i eit nøtteskal

Har du høyrte uttrykket at noko er «i eit nøtteskal»? Me brukar det når me vil sei at noko er *typisk*... Til dømes er «Norge i eit nøtteskal» eit uttrykk for noko som er *typisk* Norge. I år er det mange som snakkar om at det blir ei annleis jul - ikkje ei *typisk* jul.

Og det er sant - det kan bli ei litt annleis jul fordi me ikkje kan vera i lag på same måten som me pleier, verken heime, i kyrkja eller andre stader. Men det er viktig å hugsa at *annleis* også bli til noko bra!

Og så er det minst éin ting med jula i år som *ikkje* blir annleis: Grunnen til at me feirer jul. Forteljinga om Jesus som vart født i ein stall, om Gud som kom til

oss, den står fast. Den har stått fast i over 2000 år. Forteljinga om barnet i krybba - det er typisk jul! Det er *jula i eit nøtteskal*.

For å minna oss sjølv og kvarandre om dette, har me i kyrkja lagt opp til ein liten aktivitet no i adventstida som me håpar mange her på Stord blir med på. Store og små! Barn, unge og vaksne. Les meir om det nedanfor.

LEITEKRYSS - finn 12 bibel-juleord loddrett eller vassretti

E	N	G	I	V	S
S	M	A	R	I	A
E	M	H	O	S	U
L	A	E	J	E	A
I	G	R	E	M	R
B	J	O	S	E	F
E	E	D	U	N	S
T	T	E	S	N	T
L	A	S	M	S	J
E	R	T	Y	T	E
H	A	A	R	R	R
E	N	L	R	Å	N
M	E	L	A	V	A

Bli med - saman kvar for oss!

I Stord kyrkje har det blitt ein tradisjon med juleverkstad i midtgangen etter ei av gudstenestene i adventstida, og slik vart det i år også, med ei kjekk stund for dei som var der. Men fordi gudstenestene no for tida berre kan ha femti deltakarar, har me bestemt oss for å utvida juleverkstaden ved at:

ALLE som har lyst kan henta seg ei **materialpakke**

i ei kasse utanfor kyrkjene til **jula i eit nøtteskal**

Materialpakkane inneheld det du treng for å laga *Jula i eit nøtteskal*, slik det viser på bildet til høgre, og det følger sjølv sagt med ein instruksjon.

Kassane med materialpakker blir ståande utanfor begge kyrkjene frå og med søndag 13/2 kl 14:00 og fram til til søndag 20/12 kl 14:00.

Då er alt duka for ein koseleg, liten juleverkstad i heimane rundt omkring. Dette blir stas! Håpar du blir med!

På ein måte gjer me det kvar for oss, på ein annan måte gjer me det saman. La oss fylla heimane med ein triveleg førjulsaktivitet og med *Jula i eit nøtteskal*!



LysVaken Spesial 2020

I år gjorde korona og kohortar det umogleg å ha LysVaken-samling inne i kyrkja slik me pleier i tida før jul. Lysten til å gjennomføra LysVaken gjorde at me måtte tenka annleis.

I år blei det difor utesamlingar med tema LYS. Det vart éin kveld utanfor Stord kyrkje og éin kveld utanfor Nysæter kyrkje.

6.klassingane på same skule blei invitert samtidig til kortare samlingar med mange ulike stasjonar; kakao og bollar, leik, bibelforteljing, song og aktivitetar.

Og før dei gjekk fekk alle som kom boka *Tidslinja* i gåve.



Frå Lys Vaken i Nysæter i år

Lysmesser

Også lysmessene vart annleis i år enn vi har vant oss til. Vi kunne ikkje vera meir enn 50 i kyrkjene. Difor var berre konfirmantane til stades. Vi kunne heller ikkje blanda kohortane, så kvar skule vart for seg.

Men som ein sa: «Det var ei veldig fin gudsteneste, stille, enkel og stemningsfull.» Vi er einige, men gler oss til vi igjen kan tenna lys som vi pleier.



Frå lysmesse i Nysæter 2019

Julevandring med barnehagane

I løpet av desember kjem 19 barnehagar på julevandring i kyrkja. Heldigvis er dette noko av det som har kunna gått (nesten) som normalt også i år. Tenk dykk dette:

Forventningsfulle barnehageborn startar julevandringa med å skriva seg inn i keisar Augustus sitt manntal.

Så dreg dei vidare, nokre får kostymar og blir vise menn med fine gåver i hendene. Andre blir englar, som saman med engelen Gabriel seier

«Ver ikkje redde!» Nokre blir gjetarane på Betlehemsmarkene som passer sauene sine.

I ein mørk stall er det rom for Maria og Josef. Her blir Jesusbarnet født. Dei vise menn gir gåvene sine, gjetarar har med lam og englane syng «Ære vere Gud i det høgste».

Du verda kor kjekt det er!



Stuvastølen gardsbarnehage på julevandring

Haakon Vatile om tru, håp, jul og jordomsegling

Kvart år dei siste tolv åra har Haakon Vatile arrangert alternativ julekonsert i Stord kyrkje. I år blir det annleis.

– Det har blitt ein tradisjon for både publikum og oss, og det er ein veldig viktig konsert for meg. Det er alltid flott og sterkt for oss å syngja og spela i kyrkja. For meg er det den mest meningsfylte konserten eg gjer i løpet av året.

Haakon Vatile er vokalist og primus motor for konserten «A Concert in December - songs of Faith, Love and Christmas». På repertoaret er poplåtar på engelsk av sterke artistar.

– Bakgrunnen er at mor mi er engelsk, og morfaren min var prest. Så det er på ein måte ein hyllest til han, fortel Vatile.

Bestefaren var prest i Coventry-katedralen, og var med å byg-

ga opp katedralen etter bombinga under 2. verdskrigen.

– Ein fantastisk fin fyr som gjorde mykje bra, minnest Haakon Vatile.

Kanskje er det morfaren som gjer at den gamle engelske salmen «Hark! The Herald Angels Sing» frå 1739 er favorittsalmen til Haakon Vatile. Han reknar med den blir å høyra når han feirar jula heime hos foreldra på Valvatne no i år.

God stemning

På julekonsertane syng Vatile og spelar gitar. Roald Kaldestad er på gitar, mandolin, banjo og vokal, Bjørn Bunes på tangentar og vokal, Frode Hammersland på

bass og vokal og Tarald Tvedten på trommer.

– Det er alltid kjekt å treffa kvarandre igjen, og skapa god stemning med ein såpass alternativ julekonsert, seier Haakon Vatile. No i år blir det annleis med alle koronatiltaka. Då Spira gjekk i trykken, var det uvisst om konserten kunne gjennomførast.

Shanty-jubileum

Haakon Vatile er kjent for dei fleste på Stord som sjefen for Storm Weather Shanty Choir. I år feirar shantykoret 20 år, og jammen fekk dei nettopp beskjed om at dei har vunne kulturprisen til Stord kommune.

– Utruleg kjekt, og veldig stas. Eg visste ikkje at me var nominert ein gong, ler shanty-sjefen.

Feiringa blir dessverre ikkje heilt som planlagt. Så langt i år har koret berre gjort tre jobbar, det lågaste talet på 20 år. Men dei har nytta tida godt, og spelt inn ei plate som blir lansert til neste år.

– Me slepp truleg nokre songar i februar. Til sommaren slepp me heile plata, fortel Vatile og håpar på å feira 20-årsjubileet i 2021.

– Viktig med håp

Mange sjømenn har tatovert symbola for tru, håp og kjærleik.



Julekonsertane til Vatile har songar om tru, håp, kjærleik.

– Kva betyr desse tre for deg?

– Desse tre er jo livet. Men det er litt vanskeleg å svara på. Eg er ikkje sterkt truande. Eg bruker ikkje mykje tid på å tru, sjølv om eg er vaksen opp i ein kristen heim. Det er nok litt vanskeleg meg for å tru, seier Haakon Vatile.

– Kor viktig er håp for deg i dei tidene me er inne i no?

– Det er kjempeviktig å halda på håpet i desse koronatidene. Me må tru og håpa at det blir betre. Så blir det nok betre etter kvart.

Jordomsegling for havet

Koronasituasjonen har òg ført til utfordringar på jobben til Haakon Vatile. Han er direktør for Statsraad Lehmkuhl og har måtta permittera fleire tilsette etter avlyste seglasar og arrangement. Men han gler seg til 2021.

Hausten 2021 dreg Noregs største, eldste og finaste skværrigga seglskip på jordomsegling. Turen blir ei markering av havforskingsåret til FN.

– Me har blitt eit forskingsfartøy, og har fått vêrstasjon, ekkolodd og anna måleverktøy om bord.

Haakon Vatile fortel at han har blitt meir og meir opptatt av klima- og miljøarbeid.

– Det er med på å gi livet meir mening. Me må gjera så godt me kan med dei ressursane me har. Eg er langt ifrå perfekt sjølv, men prøver å resirkulera og gjera det eg kan. Det må ei haldningendring til. Det er den viktigaste saka i verda no.

Foto: Magne Langåker



Juleprosten

Han har det kvite skjegget, passeleg pondus, eit lunt smil og eit godt besterfarsfang. Svein Arne Teodorsen, Sunnhordland sin folkekjære og omgjengelege prost snakkar varmt om juleglede.

Sjølv om Teodorsen har budd på Stord sidan han flytta til Stord med kone og to barn i 2001, mimrar han gjerne om juletorsk-tradisjonane frå barndomsheimen i Farsund. I vaksen alder er det å bidra til andre si lukke eit viktig perspektiv på jula. Stresset, ståket, forventningane og gleda med alle julegåvene høyrer med.

– Det er fantastisk med barnebarn. Gleda deira - og deira foreldre - det gler besteforeldre også. Å bidra til andre si lukke på fleire måtar høyrer med i jula, ifølgje Svein Arne.

Korleis er det med juleførebuingane i heimen?

- Det er kjekt å baka! Eg er ikkje den flinkaste, men eg støttar prosjektet, smiler Svein Arne. - Og å gjera reint er min jobb. I tillegg har eg ansvar for juletreet. At me får det levert på døra, humrar han.

Når det gjeld julegåvehandelen, er ikkje kona Britt særleg bekymra for at prosten skal bli utsett for koronasmitte i år.

– Eg er heldig der. Britt tenkjer langt fram og planlegg godt. Der fell prosten igjennom. Til den eine viktige gáva som han har an-



Foto: Sigrid Langøy

svar for sjølv, får han god assistanse frå døtrene.

Kva er ditt sterkaste juleminne frå Sunnhordland?

Då må me tilbake til jula 2003. Eg likar å setja i stand eit lite spel, når me har familiegudstenester. Julaftan i Stord kyrkje dette året, fekk eg mi eldste dotter Gunhild

og ektemannen Arne til å spela rollene som Maria og Josef. Ho venta då barn, og fire dagar seinare kom tida då ho skulle føda. 28.desember fødde ho, og me fekk vårt første barnebarn.

Korleis opplever du barn, ungdomar og vaksne du møter i kyrkja i jula?

– Eg opplever og kjenner på ei god stemning. Ventetida er over. Og alle er særst velkomne. Sjølv om det berre er denne eine gongen i året ein kjem innom. Eg ønskjer at kvar og ein kan slappa av og sleppa ned skuldrene. Og så prøver eg å nå inn med kva «julegleda» er.

Korleis blir juleselskapet?

I dag tel Teodorsen sin flokk med barnebarn seks, det gir rike og livlege juleselskap.

– Og så vil eg helst ha ein laaaang julefrukost. Ein dag eg ikkje har gudsteneste. Det er høgtid. Heile flokken samla.

Kva julesalme vil du gi til «dei som saknar ei julegåve til jul» eller til «dei som har alt»?

– Då må eg ha med gjetarane! Sjå i tredje verset av Deilig er jorden:

*Englene sang den
først for markens hyrder;
skjønt fra sjel til sjel det lød:
Fred over jorden,
menneske, fryd deg!
Oss er en evig frelser født!*

«Først for markens hyrder!»

No stig entusiasmen hos Svein Arne.

– Tenk at den aller første julekonserten var det gjetarane som fekk ta del i. Dei som ikkje hadde truverd. Ein gjetar var på den tida ikkje brukande som vitne i ei rettsak. No blei dei først! Dette er det finaste med juleevangeliet for meg, seier Svein Arne, tydeleg rørt berre han snakkar om det.

– Håpar å sjå deg i Stord kyrkje julaftan, avsluttar prosten. – Eg kjem!

– Og ha ei ekstra god jul, du som skal ha juletorsk! helsar han.

Advent – og me ventar!

Lys vert tent i mørket! Ber bod om nytt håp, nye dagar, Gud er glad i oss... Tenn lys, eit lys skal brenne. Det er det vi gjer i adventstida. Dei står der stilt og skin.... Og vi anar at Guds rike er mellom oss.

*Tenn lys! To lys skal skine
for kjærleik og for tru,
for dei som alltid elsker
for dei som byggjer bru.
Må fanger verte frie
og heimlause få ly.
Tenn lys for dei som sørgjer
Kveik deira mot på ny.*

Det er slik det er og det er slik det skal vere. Det er slik det lyser i stille grender. Lat jula verta meir enn vakre ord, lat den verta til levd liv mellom oss. Gå ut i julefesten og i kvardagen og lev liva dykkar for kvarandre og for Jesus. Gå i fred, feir jul og ten Herren med glede!

Jørgen Knudsen
Sokneprest i Nysæter

Salmen min

Eg har alltid vore veldig veldig svak for salmar, og det er kanskje først og fremst melodiane og harmoniseringane eg fall for. Den store favoritten er «Det hev ei rose sprunge». Denne er eg så heldig å få spela på julekonsert kvart år, med både Sigrid Moldestad og Haakon Vatle. Eg er ikkje religiøs på nokon måte, men trur eg opplever noko av det same gjennom musikken.

Roald Kaldestad,
musikar og festivalsjef for Falturiltu



Foto: Magne Langåker

”

Det hev ei rose sprunge
ut av ei rot så grann.
Som fedrane hev sunge:
Av Isaïs rot ho rann,
og var ein blome blid
midt i den kalde vinter
ved mørke midnattstid.

Om denne rosa eine
er sagt Jesajas ord.*
Maria møy, den reine,
bar rosa til vår jord.
Og Herrens miskunnsamt
det store under gjorde
som var i spådom sagt.

Guds rose ljuvleg angar
og skin i jordlivs natt.
Når hennar ljøs oss fangar,
ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag:
No er det fødd ein Frelsar,
og natti vart til dag.
* Jes 7,14


FRÅ NORSK SALMEBOK
NR. 272

Tusen takk til støttespelarane våre!

Me er svært takksame for alle dei gode støttespelarane i næringslivet som med ei annonse her gjer det mogeleg for Stord og Nysæter kyrkjelydar å gje ut kyrkjebladet.



Leirvik Elektro
Lokal fagkunnskap



anleggsgartner.no
JOSTEIN GRIMSBØ T: 97789400



NORDNESBYGGET AS

15 leiligheter kjem for sal i sentrum/ Lønningsåsen 7
Prisar frå 990 000 - 2 790 000

**STORD
BEGRAVELSESBYRÅ**



Ringvegen 12 5412 Stord Tlf. 53 40 20 70
Sveiogata 66 5550 Sveio Tlf. 98 28 99 39

1900-2020
FAGFOLK I 120 ÅR

**BYRÅET
SYDVEST**

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

 **Stord**
tannregulering

Papir og miljøval



Me er glad for å kunna fortelja at SPIRA vert trykt på miljøvennleg PaperWise papir.

PaperWise er laga av jordbruksavfall, nærare bestemt stilkar og blad som er att etter innhausting av matvekstar.

I staden for å bruka primære ressursar til produksjonen av dette papiret, som tre og skog, nyttar ein altså sekundære ressursar, som vanlegvis ville ha vore avfall.

Det gjev PaperWise eit 47% lågare CO2-avtrykk enn anna miljøvennleg papir produsert på råmateriale av tre.

Me treng fleire på spleiselaget!

For å kunne gje ut SPIRA treng me fleire på spleiselaget. Ynskjer du annonse i bladet?

Gje redaksjonen ei melding på epost: spira@kyrkja-stord.no, så kan me snakkast og bli samde om ein avtale som høver for di bedrift!

**Annonse plass
for di
bedrift?**

**Annonse plass
for di
bedrift?**

Døypete sidan sist

Stord kyrkje:

Søndag 20.09:

Rebecca Aleksandersen Malnes
Solveig Sakseid Nordnes
Halvor Solli Langhelle
Agnes Sæbø Elvik
Eva Fadnes-Karlsen
Olai Øvstebø Dyvik
Vilma Dybvik Sleen

Laurdag 03.10:

Amanda Spissøy Isaksen
Leoh Aliander Larssen

Søndag 04.10:

Ulrik Aaserud Bremnes
Ylva Amalie Østebøvik-Larsen
Henrik Andrè Østebøvik-Larsen
Noa Kannelønning Kaastad
Sivert Fotland

Søndag 18.10:

Kasper Tyse Vaage
Iver Hammersland Kannelønning

Søndag 25.10:

Amalie Almås Ersland
Helga Olea Aas
Aslak Halland Håvardsholm
Nova Havro Onarheim
Oline Misini
Live Hallaråker Lunde

Søndag 01.11:

Ingebjørg Kannelønning
Mina Steen Leskinen
Ella Herskedal Førland

Søndag 08.11:

Emilian Gonzalez Moldskred

Søndag 15.11:

Lydia Jørgensen
Thelma Oppedal Nilsen

Ønske om dåp?

Ta kontakt med kyrkjekontoret på epost: post@kyrkja-stord.no eller på telefon 53403430, eller gå inn den nye heimesida vår kyrkjastord.no og meld dykk til dåp der.

Døypete i Nysæter kyrkje

Søndag 27.09:

Ulrik Agasøster Matre
Axel Eramel Kråkenes
Aria Aanderaa Andersen

Søndag 11.10:

Mai Helen Gjerde Danielsen
Leo Volden Odland
Lerke Mortensdotter Svanberg

Søndag 25.10:

Pernille Prestthaug Michelsen

Dåp i koronatid

15. november bar Henriette og Fredrich Jørgensen dottera Lydia til dåp i Stord kyrkje. Dei skulle ha vore meir enn 20 personar, men på grunn av høg smitte mange stader, også her i kommunen, kunne dei ikkje samla så mange.
– No blei me ti, inkludert dåpsbarnet, fortel Henriette.

Korleis var det?

– Me byrjar å bli vande til dette, at ikkje alle kan koma. Me kunne ikkje invitera vener frå Bergen, og Tyskland og oldeforeldre, og alle forstår det.

Men kvifor ikkje utsette dåpen?

– Me veit jo ikkje kortid det opnar igjen, kortid samfunnet blir normalt att. Då måtte me kanskje venta til ho kunne gå sjølv, ler Henriette.

Kva hugsar du best frå dagen? – Sjølv dåpshandlinga.

– Det at døypefonten stod nede på golvet gjorde at det vart nært og intimt, og veldig fint. Det blei ein god dåpsdag. Eit kjekt selskap med dei som kunne vera der. Me er einige om at det gjer ingenting å ha ei feiring til gode saman med alle når me igjen kan det.

